

# Studietilbod til barnehagetilsette utan barnehagelærerutdanning

## Søknadsskjema 2014/15

---

### Generelt om studiet

Kompetanseheving for tilsette utan barnehagelærerutdanning er eit samarbeidsprosjekt mellom NLA Høgskolen og Høgskolen Stord/Haugesund i samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen i Hordaland.

Målgruppe for studiet er alle tilsette som ikkje har barnehagelærerutdanning og som ynskjer å auke kompetansen i barnehagepedagogikk. Erfaringane frå tilsvarande kurs har vist at det er ein fordel at fleire frå same barnehage tek utdanninga samstundes.

Studiet er kompetansegeivande og gjer ei utteljing på 15 studiepoeng dersom ein vel å ta eksamen. Oppstart i begynnelsen av oktober. Studiet varer til mai 2015.

Studiet gjev ei grundig innføring i viktige barnehagefaglege tema, og har som mål å gje studentane auka kompetanse og medvit rundt eigne ressursar og rolle i barnehagen.

I løpet av studieperioden (oktober – mai) skal studentane arbeide med eit utviklingsarbeid i eigen barnehage, der dei knyt teori og praktisk arbeid saman.

Studiet vil samstundes gje innblikk i høgskulesystemet, og kan inspirera til høgare utdanning.

Studiet er samlingsbasert med totalt 10 heildagssamlingar fordelt på undervisningssamlingar, nettverksgruppesamlingar og ein presentasjonsdag av utviklingsarbeidet som studentane har gjennomført.

### Samlingane blir vekselvis på NLA Høgskolen, Bergen og på Høgskolen Stord/Haugesund, Stord.

Studiet kan tas utan eller med eksamen. Studiet med eksamen gjev ei utteljing på 15 studiepoeng og er kompetansegeivande.

### Kostnader

Studiet, inkludert faglitteratur, er finansiert av Utdanningsdirektoratet via Fylkesmannen og er gratis for deltakarane. Andre utgifter er føresett dekkja av eigar gjennom rammefinansieringa og /eller andre kompetansemidlar frå stat og kommune.

### Opptakskrav

For dei som vil ta eksamen er det krav om *generell studiekompetanse eller godkjent realkompetanse*. Kriteria for å få godkjent realkompetanse er: Alder over 25 år, 5 års praksis, der to av dei er retta mot barn.

Dei som skal ta eksamen og få studiepoeng må dokumentere at dei fyller opptakskrava, dokumentasjonen må sendast inn saman med søknaden. For dei som **ikkje** skal ta eksamen gjeld ikkje spesifikke krav.

**Søknaden skal godkjennast av styrar/eigar og sendast til kommunen v. barnehagemyndigheten seinast 1. juni 2014. Kommunen registrerer og sender søknadene samla til NLA Høgskolen, postboks 74, 5036 Bergen innan 5.juni.** Tilbod om plass blir sendt ut snarast etter denne datoen.

# Studietilbod til barnehagetilsette utan barnehagelærerutdanning

## Søknadsskjema 2014/15

---

Fyll ut elektronisk, ta utskrift og skriv under. Legg ved dokumentasjon.

<b>Kommune:</b>	
Arbeidsstad og -adresse	
Tilsettingsforhold (fast eller vikar)	
Styrar	
e-Post styrar*	
Barnehageeigar navn	
Eg vel å ta studiet med eksamen og få 15 studiepoeng	Kryss av:
Eg vel å ta studiet som kurs	Kryss av:

### 1. Personalialia

Etternavn	
Fornavn	
Fødselsnummer	
Privatadresse	
Postnr.	
Poststad	
Mobiltelefon	
Telefon arbeid	
E-post	

### 2. Utdanning

Vidaregåande skule

---

---

---

Høgare utdanning

---

---

---

### 3. Arbeidserfaring (gjeld berre dei som søker på bakgrunn av realkompetanse)

skriv eventuelt på eige ark

---

---

Studietilbod til barnehagetilsette utan barnehagelærerutdanning  
Søknadsskjema 2014/15

---

---

---

**4. Merknadar / tilleggsopplysningar**

---

---

---

**5. Underskrift av søker**

Eg er klar over at manglande eller misvisande opplysningar kan føre til at eg misser retten til å starte/fullføre utdanninga

Stad	Dato	Underskrift

**6. Barnehageeigar/styrar si godkjenning for søknaden 2014/15**

Barnehage , Kommune	Dato	Underskrift